



## Reglar for orden og oppførsel

### Gol skule

#### Føremål

Reglar for orden og oppførsel skal bidra til eit godt arbeidsmiljø for elevane, fremje gode arbeidsvanar og orden samt ivareta elevane si helse. Reglane skal gi respekt og klare grenser og dermed medverke til tryggleik og trivsel. Dei skal òg bidra til å ta vare på skulen med materiell og utstyr. Forskrifta skal informere elevar og føresette om eleven sine rettar og plikter, skulen sine krav og reaksjonsmåtar og skulen sine plikter.

#### Hovudregel

Alle har **ansvar** for at Gol skule er ein trygg og triveleg stad å vera og viser **respekt** og **omsorg** for kvarandre.

Ingen skal bli utsette for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme. Skuledagen vår er til vanleg mobilfri.

#### Med god orden og oppførsel meiner vi

Kor	Orden	Oppførsel	
	Vis ansvar	Vis respekt	Vis omsorg
Heile skulen og alle arrangement i skulens regi	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bruke innesko inne i heile bygget</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Unngå farleg leik</li><li>• Vera høfleg</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Helse på kvarandre</li><li>• Vera hjelpsam</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Halde orden på tinga dine</li> <li>• Rydde etter deg</li> <li>• Bruke rett søppelkasse</li> <li>• Ha verdisaker i skåpet ditt. Ting som blir borte, må du til vanleg erstatte sjølv</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godta at vi er ulike og meiner forskjellig</li> <li>• Fotografere og filme berre når du har særskilt løyve</li> <li>• Juks er det nulltoleranse for</li> <li>• Skulen vår er rusfri</li> </ul>	
Undervisningsrom (klasserom, grupperom, kunst og handverk, aula, musikkrom, naturfagrom, øvingsrom)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ha med det du treng</li> <li>• Møte presis på rett stad</li> <li>• Vera aktiv- vise god innsats</li> <li>• Leverer skulearbeid til rett tid</li> <li>• Sitje ved bord når du brukar PC</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Følgje beskjedar</li> <li>• Lytte når andre har ordet</li> <li>• La andre få jobbe uforstyrra</li> <li>• Rekke opp handa når du vil seie noko</li> <li>• Ta vare på bøker, utstyr, inventar og skulebygg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppmuntre og støtte kvarandre til å delta</li> <li>• Samarbeide med alle</li> </ul>
Hjarterommet	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sitje ved bord når du et</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruk roleg stemme</li> <li>• Gå roleg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vera vennleg og ha ein god tone overfor elevar og vaksne</li> </ul>
Ute	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vera ute i friminutta når ikkje noko anna er bestemt</li> <li>• Rydde utstyr tilbake til rett utebod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godta tilsnakk frå vaksne</li> <li>• La medelevar vera i fred</li> <li>• Kaste snøball berre på oppsett blink</li> <li>• La andre sine sykklar vera i fred</li> <li>• Følgje reglar i aktivitetar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La alle få vera med på leik og spel</li> <li>• Le med og ikkje av</li> <li>• Gi støtte til dei som har problem</li> <li>• Hente hjelp frå vaksne om nødvendig</li> </ul>
På skulevegen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke gangvegar og undergangar der du kan</li> <li>• Sitje roleg med belte i buss og i drosje</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vike for gåande når du sykklar</li> <li>• Gi plass slik at alle har eit sete å sitje på i bussen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sei frå til sjåføren eller andre viss noko skjer</li> </ul>

Lista ovanfor er ikkje uttømmende. Eit punkt vil kunne gjelde på andre område enn det er sett opp. Dette konkretiserer reglar for vår skule, og dei byggjer på gjeldande nasjonalt lovverk.

## Konsekvensar ved brot på reglane

Konsekvens	Forklaring	Kan bruke
Påminning	Påminning om regel – munnleg tilrettevising frå tilsette	Alle tilsette

Samtale/problemløsning	Samtale med barneveileder, lærar, leiinga og /eller føresett for å løyse problem og førebygge gjentakning	Alle tilsette
Merknad	Lærar noterer regelbrot og informerer med brev heim	Alle tilsette
Bytte plass	Inneber at elev må sitje på annan plass i rommet eller på grupperom for å jobbe	Alle tilsette
Vist til leiinga	Elev blir tatt ut av undervisning eller aktivitet og må vera hos leiinga	Lærar
Inndraging av gjenstandar	Gjenstandar som blir brukt i strid med reglementet, forstyrrar undervisning eller er farlege, blir inndratt. T.d. lighter, fyrstikker, brus, energidrikk, snop.	Alle tilsette
Innlevering av mobiltelefon til leiinga og informasjon til heimen	Mobiltelefonane skal samlast inn ved oppstart av dagen (i låsbart mobilhotell, eller at hotellet blir låst inn på eit rom) og leverast ut etter siste time av tilsett.  Lærar kan tillate bruk av mobiltelefon i undervisninga.  Ved brot på regelen, skal telefonen krevjast inn av tilsett for resten av dagen. Om eleven nektar å gi frå seg mobilen, blir føresette varsla så fort som mogleg same dag.  Om det er grunn til mistanke om at mobiltelefonen er brukt til noko ulovleg (spreie nakenbilde, valdshendingar, mobbing e.l.) blir forholdet meldt til politiet og føresette varsla. Skulen må be om samtykke frå føresette for å sjå innhaldet på mobilen.	Alle tilsette
Utestenging	Inneber at elev blir utestengt frå aktivitet i faget, felles arrangement eller datasystemet. Eleven får då andre oppgåver i faget.	Lærar
Ta att forsømt tid	Eleven må ta att tapt tid ved t.d. ugyldig fråvær som forseintkoming eller skulk. Dette skjer før eller etter skuletid og etter avtale med føresette.	Lærar
Rydde opp/ Utbedre/Erstatning ved skade	Elevar som utøver hærverk kan påleggast å rydde opp etter seg/utbedre skader som er forvoldt når opprydninga består i arbeid eleven har forutsetning for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til overtredelsen.  Ved hærverk på skulens bygningar og/eller eiendelar kan eleven i tillegg til å bli ilagt sanksjoner etter reglementet her, også bli erstatningsansvarleg (skadeserstatningslovens § 1-1). Føresatte er erstatningsansvarlige etter skadeserstatningslovens § 1-2 for inntil kr 5.000. Skulen melder skade til teknisk etat v/eigedom som sender faktura til den som er ansvarleg for hærverket.  Ved hærverk vil eleven og/eller føresette bli holdt erstatningsansvarleg for skadene.  Eleven kan gis høve til å utbetre skadene sjølv dersom dette kan sjåast hensiktsmessig.	Lærar Rektor

	Gol skule reagerar dersom elevar ødelegg andre elevars eiendelar.  Ved alt hærverk vil føresette kontaktast!	
Nedsett karakter i orden eller oppførsel	Gjeld 8.-10. trinn. Eleven kan få nedsett karakter i orden og/eller oppførsel, jf. kriterium for karakter i orden og oppførsel	Rektor
Inndra friminutt	Inneber at eleven ikkje får ha friminutt saman med andre elevar	Lærer
Bytte klasse	Inneber at eleven for ein kortare eller lengre periode må følgje undervisning i annan klasse	Rektor
Bortvisning resten av dagen	Gjeld 1.-7. trinn. Rektor tar avgjerd etter samråd med lærar til eleven. Elev og føresette skal vera informert og ha høve til å uttale seg før vedtak blir gjort, jf. opplæringslova § 2-10	Rektor
Bortvisning 1-3 dagar	Gjeld 8.-10. trinn. Rektor tar avgjerd etter samråd med lærar til eleven. Elev og føresette skal vera informert og ha høve til å uttale seg før vedtak blir gjort, jf. opplæringslova § 2-10	Rektor
Melding til politiet	Alvorlege voldshendingar og andre alvorlege brot på ordensreglementet meldast til politiet og/eller barneverntenesta	Rektor

Ved gjentatte og/eller alvorlege brot på reglar og konsekvensar, blir dei føresette straks informert.

## Vurdering i orden og oppførsel

Ordens- og oppførselsreglane er heimla i opplæringslova § 2-9 og gjeld alle stader der skulen har ansvaret for elevane. Dei skal kvar haust gjerast kjent for elevar og føresette.

Grunnlaget for vurdering i orden og oppførsel er knytt til kva grad eleven opptrer i samsvar med reglementet for orden og oppførsel. Vurderinga i oppførsel er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa (jf. forskrift til oppl.ova §3-5)

Alle elevar frå 1.-10. skal ha halvårleg vurdering i orden og oppførsel. Elevane frå 8. -10. trinn skal ha vurdering med karakterar.

### Generelt om kriterium for vurdering med karakter i orden og oppførsel

- Elevane må kjenne kriteria. Kontaktlærer er ansvarleg
- Lærarane må kunne dokumentere brot på reglane
- Føresette må vera informert om brot på reglane. Om eleven står i fare for å gå ned i orden og oppførsel skal det gis skriftleg varsel til heimen.
- For å få nedsett karakter, må det til vanleg vera brot på fleire reglar eller fleire brot på same regelen. Unntak er alvorlege regelbrot som t.d. vald, hærverk og bruk av rusmiddel
- Ved fastsetting av ordens- og oppførselskarakter skal det takast omsyn til individuelle føresetnader. Manglande føresetnader må dokumenterast. For desse elevane skal det kvart halvår settast opp individuelle kriterium som skal gjelde ved fastsetting av karakter. Kontaktlærer har ansvaret for dette.

### Kriterium for nedsett ordenskarakter

Karakteren Nokså god: *Klare avvik frå vanleg orden*

1. Ujamm innsats i timane
2. Lite heimearbeid
3. Sein eller manglande innlevering av skriftleg arbeid
4. Dårlig orden på tinga sine og gløymer ein del
5. Har noko ugyldig fråvær og er av og til utanfor skulens område
6. Møter av og til for seint til timane og har vanskeleg for å koma seg ut i friminutta
7. Brot på andre reglar for god orden.

Karakteren Lite god: *Ekstraordinære tilfelle ved store avvik*

1. Liten eller ingen innsats i timane
2. Lite eller ikkje noko heimearbeid
3. Leverer lite eller ingenting av skriftleg arbeid
4. Har ikkje med det han/ho skal på skulen
5. Stort ugyldig fråvær og ofte utanfor skulens område
6. Møter sjeldan presist og forsvinn gjerne frå timen.

### Kriterium for nedsett oppførselskarakter

Karakteren Nokså god: *Klare avvik frå vanleg oppførsel*

1. Erting, plaging, mobbing
2. Rasistiske ytringar eller handlingar
3. Tar lite omsyn til medelevar med prating, uro, bråk
4. Rettar seg ikkje etter det som blir sagt av lærarane/ andre vaksne
5. Fleire brot på regelen om mobilfri skule
6. Banning og annan uhøvisk språkbruk
7. Bruk av tobakk og/eller rusmiddel
8. Hærverk/skadeverk
9. Farleg leik, m.a. snøballkasting
10. Juks
11. Brot på andre reglar for vanleg god åtferd

Karakteren Lite god: *Ekstraordinære tilfelle ved store avvik*

1. Grove brot på fleire punkt under nokså god.

<b>Kva er gjort/skal gjerast?</b>	<b>Utført av/Ansvar</b>	<b>Kvar? Korleis? Kven deltek?</b>	<b>Tidspunkt/Frist</b>
Utarbeidd/Revidert	Rektor		Våren 2021
Drøfting/Godkjenning	SU		Våren 2021
Evaluering			Vår 2023